



MELDING  
om  
FISKEBIOLOGISKE GRANSKINGAR  
I  
ROGALAND  
1968

Namnet på vatnet

Bildholssjøen og Janshusviken

Kommune .....

Fjørde

Feltarbeidet, vidare arbeid med materialet  
og skriving av meldinga, er utført av Rogal-  
land Skogselskap v/ E. Berg etter retnings-  
liner frå, og i nært samarbeid med, Konsulenten  
for ferskvannsfiske i Vest-Norge, herr Øyvind  
Vasshaug.

B I L S T A D V A T N E T  
oG  
V A S S H U S V I K A

Fiskeanalyesen vart foretken den 25.august 1977.

I 1969 vart det teke ein fiskeanalyse i desse vatna og konklusjonen den gongen var, at det burde setjast ut fisk, då aurebestandet var i underkant av vatnet si produksjonsemna. Tilhøva låg elles godt til rette for fiskeproduksjon og det vart tilrådd å skipe til eit grunneigarlag for vatna.

For å sjå om tilhøva hadde endra seg sidan den tid, vart det foreteke ein ny analyse dette året.

Resultatet av denne siste analysen syner at tilhøva framleis er gode for fiskeproduksjon, men fiskebestandet både av aure og røyr ser ut til å ha gått ytterligare tilbake.

Dei kjemiske tilhøva.

I Bilstadvatnet vart pH målt til 5.4, siktedjupet 8.0 og vassfargen grønnlig-gul.

Innhaldet av kalk ( $\text{CaO}$ ) er 1.75 mg/l og den totale hardheita 3.25 mg/l  
Elektrisk leiingsemne = 27.60.

Tilsvarande prøver i Vasshusvika syner ein pH på 6.2 og 5.8.

Siktedjup 2.0 m og vassfarge brunleg-gul.

Innhaldet av kalk er 2.5 mg/l og den totale hardheita 4.0 mg/l.  
Elektrisk leiingsemne = 29.90.

Faunaen i vatnet.

P.g.a. regn og storm vart det berre teke ein botnprøve i Vasshusvika på 2.0 m og her vart det funne 13 muslingar, 6 fjærmygglarver, 7 vårflugelarver og 1 damsnegle - i alt 270 individ pr.  $\text{m}^2$ .

For å få greie på kva fisken eigentleg ernærte seg av, på det tidspunkt analysen vart foretken, tok vi mageprøver av 5 fiskar.

Her vart det funne buksvommere, vårflugelarver, vannymfalarver og fåbørstemark.

### Planktonprøver.

Det vart teke eit horisontaltrekk på ca 50 m, og eit vertikaltrekk på 10,0 m, med planktonhov. Begge prøvene må karakteriserast som fattige.

### Fisk m.v.


Fiskestaka er som før ferskvassaure, røyr og ål.

Det vart sett ut 7 garn av ymse maskestorleik. 2 stk. i Vasshusvika og 5 stk. i Bilstadvatnet.


Resultatet etter ei fangstnatt vart 11 aurar - 2 stk i Vasshusvika og 9 stk. i Bilstadvatnet.

Røyr lukkast det ikkje å få i det heile teke.

Fordeler vi fangsten på cm-klassar vil ei grafisk framstilling sjå slik ut.



Fordeler vi fangsten på omfara får vi denne grafiske framstillinga.



Det vart teke prøver av dei 11 aurane og av desse var 9 røde, 1 lys-rød og 1 kvit i fiskekjøttet.

Ingen av fiskane var angripne av parasittar.

Det var vidare 8 hanfiskar og 3 hofiskar.


8 fiskar (73%) var gytefisk - resten gjellfisk.

Ser vi på medellengda og den årlege lengdetilveksten av provefiskane vil dette gå fram av oppstillinga nedanfor.

	Alder ved vinter				
	1år	2år	3år	4år	5år
Medellengde i cm	5,1	10,2	17,1	24,5	29,2
Årlig lengdetilvekst i cm	5,1	5,1	6,9	7,3	4,8
Antall fiskar	11	11	11	10	4

Medel kondisjonsfaktor = 1,23 tilseier feit, fin fisk.

På neste side har vi sett opp ein vekstkurve for auren i Bilstadvatnet/Vasshusvika og samanlikna denne med normalkurven for Vestlandet (5 cm pr. år).



Som vi her vil sjå, syner auren i Bilstadvatnet og Vasshusvika ein uvanleg god lengdetilvekst og ligg over normalkurven like frå første år av. Då vi ikkje fekk fisk eldre enn 5 år er det uvisst å seia veksten etter denne tid, men normalkurven ville neppe ha blitt kryssa før ved 6-7 års alder.

Til vanleg er det ca. 25-30 fiskar som dannar bakgrunnen for ein slik vekstkurve, så då vi her berre har 11 fiskar er det i minste laget, men ein viss peikepinn vil det gi.

Fisken går mot ei maksimallengd på ca. 33-34 cm, og med ein K-faktor = 1.23, tilseier dette fisk på ca. 435 gram, men det er berre få fiskar som når opp i denne storleiken.

### Konklusjon.

Ut frå dei foretekne prøvane kan vi slå fast, at tilhøva framleis ligg vel tilrette for fiskeproduksjon i Bilstadvatnet/Vasshusvika. Vidare at vatna i dag inneholder eit minimalt fiskebestand slik at næringsforrådet ikkje blir utnytta.

Ser vi på dei kjemiske tilhøva, så er desse godt brukande for ferskvassfisk. Faunaen i vatnet fortel at ymse verfulle arter av næringsdyr er å finna.

Garnprøven og fiskekvaliteten tilseier at det er lite med fisk i vatnet, medan kvaliteten er mykje god.

Samanliknar ein denne analysen med den som vart teken i 1969 så har fiskebestandet gått noko attende.

Ein av grunnane til at auren har gått attende, kan skuldast det sure vatnet som fell inn frå Glessjurvatnet. pH er her målt til 4.8 og kan sikkert einskilte tider vera ennå lågare, noko som då fører til minimal rekruttering i den beste gyteelva.

Når vi ikkje fekk røyra i det heile, kan dette tyda på at røyrbestandet er kraftig redusert. Dette har ikkje med surhet å gjera, men kan skuldast eit for hardt garnfiske på gyteplassane om hausten. Sjølv om røyra har stor formeringsemne, så kan denne likevel skattast for hardt, og det ser ut som om dette er tilfelle i Bilstadvatnet.

### Praktiske tiltak.

For å få Bilstadvatnet opp på det nivå det ein gang var, når det gjeld røyra og aure, må det startast opp eit grunneigarlag. Blir ikkje dette gjort slik at ein får ordna tilhøve, vil Bilstadvatnet bli liggjande som eit heller uproduktivt vatn og det er ingen tent med.

Det må her setjast ut settefisk av aure og røyra i dei nærmaste åra framover, samstundes med at vatnet blir freda for garnfiske i nokre år. Dei som ikkje er grunn- og fiskerettseigarar til vatnet må ikkje få nyttja garn i det heile og grunneigarane må berre kunne fiske med garn ei viss tid på året og då med maskestorleik godkjent av Innlandsfiskenumnden. Blir dette gjort, vil ein innan få år kunna byggja oppatt fiskebestandet av røyra, men det er mogeleg at ein også for framtida må drive med utsetjing av aure i det omfang det er naudsynt.

Vidare må grunneigarlaget vedta fredningstider, slik at fisken ikkje blir uroa i gytetida.

Når fiskebestandet har kome opp på eit høvande nivå, må vatnet opnast for sportsfiske med stang mot løysing av rimelege fiskekort. Dette er viktig, då ein her vil kunna få inn nokre kroner til aktuelle kultiveringstiltak.

Syner ikkje grunn- og fiskerettseigarar å ha interesse av at noko blir gjort, kan ein risikere at utanforståande grip inn på ein måte grunneigarane vil vera lite tent med.

Setjefisk for utsetting vil ein kunna få kjøpa fleire stader, så det er ikkje noko stort problem når det gjeld aure. Med røyra skulle dei i dette høvet vera ennå lettare. I Teksevatnet, like i nærleiken, vil ein kunna fanga inn den røyra ein har bruk for og setje denne ut i Bilstadvatnet. Får så røyra gå i fred nokre år, vil det etter kvart bli eit fint røyrbestand.

Innsamling av setjefisk både av aure og røyr vil grunneigarane også sjølve for ein stor del kunna utføre og underskrivne vil vera hjelpesam i så måte og gjerne fanga fisken ved bruk av El.fiskeapparat.

Det var å vone at flest mogeleg av grunn- og fiskerettseigarar ville slutte opp om desse tiltaka, slik at Bilstadvatnet og Vasshusvika på ny kan bli til fiskerike vatn, slik som dei tidlegare var.

Stavanger 17/2 1978

Einar Borg